

Vort Norrig fekk ein vaardag sjaa

Tone: For Norge kjæmpers fødeland

1) Vort Norrig fekk ein vaardag sjaa, eit band vart strakt aa slitna
ein krov sin rett, det vart ei raa, naar ein um hjarta hitna
det norske folk er utan skuld, ei lovleg gjerdsal heil aa full
forutan blod, forutan gull, aa det kan røynsla vitna

2) O, Norrig vena fagra land, med dalar, fjell aa tinnar
O, Norrig kjæra fosterland, for glupe menn og kvinnær
me fagna vil i kjærleik varm, aa femna um med arm i arm
i tru paa Gud forutan harm, me ævleg lukka vinnar

3) So hev det gje, aa so det gaar, ein kan 'kje fridom sperra
ein kan nok skjepa, den so raar, tilslutt da vert Vorherre
so Norrigs saga os hev lært, da ligg so ope, nakje, bert
som Gud han skjepa, so det vert, kven kan mot honom skjerra

4) O, Norrig, mor vor! høgt du stend, aa fritt som noko stundar
no glad me syng i bygd aa grend, paa fjell, i dal aa lundar
O, fredens Gud, du gjev os fred, aa himmeldogg du vatn os med
a gjev os braud aa nøgsamhed, med takk aa pris innundar